

Saknummer: 08/744
Løpenummer: 6180/08
Arkivkode: 230 L
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

SÆRUTSKRIFT

Av 5 medlemmar var 5 tilstades

MØTEBOK Gulen kommune

FINANSDEPARTEMENTET	
08. DES. 2008	
Saksnr.	04/2176-86
Arkivr.	/
Møtedato	02.12.2008

Saknummer	Utval	Møtedato
72/08	Formannskapet	02.12.2008

HØYRING - GRENSE FOR EIGEDOMSSKATT I SJØMRÅDET

Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- KS, postboks 1378 Vika, 0114 Oslo
- Finansdepartementet, postboks 8008 Dep., 0030 Oslo

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Høyringskriv, datert 20.10.2008
- Høyringsfråsegn frå KS (utkast)

Saksutgreiing:

Finansdepartementet har sendt på høyring *Forslag om grense for utskrivning av eigedomsskatt i sjøområdet*, med høyringsfrist 2. desember 2008. Departementet skisserer tre alternative grenser for eigedomsskatt i sjøområda – marbakken, grunnlinja og territorialgrensa - og argumenterer for at grensa skal trekkjast ved grunnlinja.

KS argumenterer sterkt mot denne konklusjonen, og gjorde 14.05.08 slikt vedtak:

"KS – Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon – er sterkt uenig i departementets forslag til avgrensning av eiendomsskatteområdet i sjøen til grunnlinjene. KS er av den oppfatning at gjeldende rett innebærer at eiendomsskatt kan skrives ut på faste anlegg og installasjoner ut til territorialgrensen, og vil motsette seg enhver innskrenking i kommunenes rett til å innkreve eiendomsskatt. Hovedstyret i KS fattet 14.5.2008 følgende enstemmige vedtak:

- 1. KS går mot ethvert forsøk på å frata kommunene retten til å beslutte om det skal være eiendomsskatt i kommunen, og om den skal gjelde hele eller deler av kommunen.*
- 2. KS motsetter seg derfor at staten begrenser eiendomsskattens område i sjøen innenfor territorialgrensen og i kystsonen."*

Departementet grunnjev framlegget om å trekkje grensa for eigedomsskatt til sjøs ved grunnlinja med at det trengst ei avklaring fordi praksis i dag varierer frå kommune til kommune. Framlegget er også grunnjeve med at det no vert gjort framlegg om høve til å skrive ut

eigedomsskatt på oppdrettsanlegg. Dette vil gjere det meir aktuelt for langt fleire kommunar å innføre eigedomsskatt.

Grunngjevinga for å trekkje grensa for skatteplikt ved grunnlinja er at skatteobjekt i territorialfarvatnet utanfor grunnlinja har lita eller ingen tilknytning til kommunen. KS argumenterar sterkt mot dette og viser til at det vert rekna som "sikker rett" at kommunane strekkjer seg ut til territorialgrensa. Dei viser også til at kommunane som i dag har skatteobjekt som strekkjer seg frå land til territorialgrensa, i praksis røyrleidningar knytt til oljenæringa, skriv ut eigedomsskatt for desse skatteobjekta heilt ut til territorialgrensa. Desse kommunane vil tape skatteinntekter på at det vert fastsett grense ved grunnlinja.

Framlegg til vedtak:

Gulen kommune tilrår at grensa for utskrivning av eigedomsskatt i sjøområda vert trekt ved territorialgrensa, fordi:

- Ei grense ved grunnlinja vil medføre at ein del kommunar som alt skatleggjer oljeinstallasjonar ut til territorialgrensa, vil tape inntekter. Dette vert feil når vi meiner at oljenæringa helst bør gje endå sterkare vekstimpulsar for distriktskommunar på kysten.
- Området mellom grunnlinja og territorialgrensa er viktige for kommunane si næringsutvikling. For kommunar med aktive fiskerisamfunn, vil det ofte vere knytt sterke fiskeriinteresser til slike område. Etablering av oljeinstallasjonar kan då vere kontroversielt, særskilt i samband med seismikkskyting i kartleggingsfasen. Det er då viktig at kommunane har eit framtidig inntektspotensiale som kan kompensere for ulemper under kartlegging og utbygging.
- Vi må unngå å leggje til rette for skatteplanlegging på ein slik måte at potensielle kommunale skatteobjekt som t.d. oppdrettsanlegg, flytande vindmøller og anna kan dra seg unna skatt ved å lokalisere seg utanfor grunnlinja i framtida.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 02.12.2008:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.